

Strategisk Næringsplan / Handlingsplan 2025

Visjon og mål

«Teknologibygda»

«Årdal – eit berekraftig lokalsamfunn med robust næringsliv og attraktiv bu-lyst, der innovasjon og tradisjon går hand i hand.»

Hovudmål:

1. Stabilisere og auke talet på arbeidsplassar gjennom eit meir mangfaldig næringsliv.
2. Styrke Årdal som ein attraktiv bustad- og næringskommune.
3. Fremje bærekraft og innovasjon som grunnlag for utvikling og grøn omstilling
4. Sikre gode moglegheitar for vekst og utvikling av eksisterande næringsliv (industri, service- og varehandel og reiseliv)
5. Teknologi og miljø skal ha hovedfokus i heile lokalsamfunnet

Prioriterte satsingsområde

Gjeldande strategisk næringsplan inneheld fire satsingsområder:



Sjølv om ein no skal fokusere på desse fire prioriterte satsingsområda, er det likevel viktig å sjå på tvers av områda og finne samhandling og positive effektar.

Fokus for 2025, det første året etter rulleringa av strategisk næringsplan bør vere å etablere grunnlaget for desse strategiske satsingsområda, starte konkrete tiltak og bygge samarbeid.

Handlingsplan for Årdal kommune 2025

1. Berekraftige arbeidsplassar

- Tiltak - Ferdigstille industripark
 - Fullføre reguleringsplanar og sikre finansiering for utvikling av industriparken.
 - Opprette prosjekt for å arbeide med etablering av pilotiseringsprosjekt innan bio-industri
 - Følge opp og sikre rammevilkår for start av algeproduksjon
- Tiltak - Utvikle Grøn HUB i Årdal Teknologipark
 - Bygge ein organinsasjonsmodell for Grøn HUB Årdal Teknologipark
 - Kartleggje behov og ressursar for å utvikle eit industrisymbiose fellesskap.
 - Starte arbeidet med eit grønt sertifiseringsprogram for lokale verksemder.

2. Kompetanse og innovasjon

- Tiltak - Styrke samarbeid med utdanningsinstitusjonar
 - Etablere tettare samarbeid mellom Årdal vidaregåande og kompetansemiljøet i Årdal teknologipark, for å styrke den vidaregåande utdanninga
 - Bygge vidare på etableringen av studiesenter (desentral utdanning) og samarbeid med fagskular, høgskular og universitet.
 - Lansering av eit vidareutdanningstilbod innan i grøn teknologi og bio-industri.
- Tiltak - Etablere kompetansesenter / pilotiseringssenter
 - Planleggje og starte arbeidet med å etablere eit kompetanse- og pilotiseringssenter for grøn teknologi og bio-industri gjennom Årdal teknologipark
 - Arrangere innovasjonsverkstadar for næringslivet for å stimulere til knoppskyting og nye prosjekt.

3. Robust næringsliv

- Tiltak – Kartlegging og vidareutvikling av etablerte verksemder/næring i Årdal
 - Arbeide med verksemder i kommunen der det ligg gode mogelegheiter for vekst og utvikling med tanke på auka lønnsemd, konkurransekraft og vekst i sysselsettinga
- Tiltak - Tilrettelegging for rekruttering
 - Heilheitlig arbeid og markedsføring av Årdal - etablere modell for felles rekruttering og profileringstiltak saman med næringsliv og tilflyttarkontor

- Starte eit rekrutteringsprogram retta mot utplassering av bachelor-, master- og PhD studentar, der verksemdar og teknologimiljøet i Årdal legg til rette for oppgåveløysing og muligheit til bruk av testmiljø og bioLab.
- Tiltak – tilrettelegging av felles møtepunkt og samarbeidsarenaer for lokalt næringsliv
- Tiltak - Forbetre infrastruktur og rammevilkår
 - Tilrettelegge og videreutvikle strategiske viktige næringsareal og infrastruktur (utvikle næringsklynger/sirkulære/symbioser)
 - Planlegge tiltak for å styrke tilgangen til elektrisk kraft for næringslivet.
 - Initiere dialog med regionale og nasjonale myndigheiter om transportløysingar, logistikkinfrastruktur, skilting mm..

4. Reiseliv og besøksnæring

- Tiltak – Etablere Visit Årdal som kommunen sitt fellesselskap for utvikling av reiselivet
 - Kartleggje ressursar og moglegheiter for å utvikle Årdal som ein heilårsdestinasjon.
 - Starte utvikling av reiselivspakker med fokus på opplevings- og kulturturisme.
- Tiltak – Skape meireffekt av etableringa av besøkssenter for nasjonalpark
- Tiltak – vidareutvikling av sjøfronten i Årdal
- Tiltak - Styrke bustadutvikling
 - Prioritere prosjekt for nye bustader og reetablering av eldre bustadar/bygg for å gjere kommunen meir attraktiv for tilflyttarar.

Prioriterte tiltak i 2025

1. Oppstart av industriparkprosjektet og Grøn HUB.
2. Lansering av vidareutdanningstilbod innan grøn teknologi.
3. Etablere samarbeid med utdanningsinstitusjonar og utvikle kompetansestrategien.
4. Kartlegging av bustadtilbod og utvikling av tilflyttarpakkar.
5. Styrking av Visit Årdal med fokus på reiseliv som utviklingsnæring og arbeide for heilårs turismetilbod.

Denne handlingsplanen legg grunnlaget for ein langsiktig og berekraftig utvikling, og prioriterer tiltak som raskt kan bidra til å styrke både næringslivet og lokalsamfunnet.